


NM i Kvinnherad

Den 6-8 august til neste år er Hordaland Elghundklubb tildelt NM i bandhund. Kvinnherad som Noregs største hjortekommune var det naturlegevalet for Hordaland Elghundklubb. Klubben blei for nærare 20 år sidan starta av eldsjeler frå Kvinnherad.

Elgjakt og hjortejakt med bandhund, kva er det?

Tradisjonelt har vi to typar elgjakt med hund i Noreg, enten med bandhund eller med laushund. Ved laushundjakt slepp ein hunden og let den søkje etter elg i terrenget. Når den finn elg skal den losa (bjeffe) slik at jegeren ubemerka kan gå inn og skyte.



Bilde frå skogen under samlaprøven i Tveitedalen i Kvinnherad 11-12.august. Det er prøvens beste hund Svart Hundens Gram med førar Jon Langeland då dei gjekk til fyrste premie med 80 poeng. Foto og tekst:L.T.Varanes

Ved bandhundjakt går jegeren med hunden i band heile tida og, ved hjelp av sine skarpe sansar og samtidig heilt taus og rolig, skal den hjelpe jegeren ubemerka inn på elg - eller hjort.

Begge prøvetypane simulerar praktisk jakt, den einaste forskjellen frå reell jakt er at ved jaktprøve ikkje løyse skot. Av de ni registrerte elghundrasane er norsk elghund grå og norsk elghund svart som er mest vanleg på bandhundjakt i Noreg.



En bandhundprøve skal vare i minst seks, maks sju timar i et avgrensa område på 3-10.000 mål. Saman med hundeførar går ein dommar som registrerar hunden sitt arbeid og set poeng etter bestemte reglar der hunden må oppfylle visse krav for å oppnå en premiegrad. Brukar hunden vind og terreng fornuftig? Finn den hjort effektivt? Markerar den tydelig kor hjorten står? Trekkjer den for hardt i bandet? Er hunden taus og rolig framfor hjorten? Har dommaren

sett hjorten? Har hunden sett hjorten? Samarbeider hunden med førar? Sporar den sikkert?

Ein vanleg misforståing er at "bandhund" er identisk med "sporhund". Sjølv sagt må ein bandhund kunna spora, men ikkje slavisk som en til dømes ein dachshund. Då kjem jegeren sjeldan til skotsjanse. Nei, en bandhund går først og fremst på overvær. Under praktisk jakt er dette mest effektivt!

Naturoppleving

Jakt/jaktprøver med bandhund går føre seg med minimale forstyrrelsar for det andre livet i skogen, og vert da og kalla "den lydlause jakta". Samstundes er det ein jaktform som utan problem let seg gjennomføra i områder med stor rovdyrbestand og mykje bufe. Med ein elghund i band som registrerer alle lyder og lukter blir ein bandhundprøve alltid ein utrolig naturoppleving!



Eyda ,Kimber og Atle Helland såg bukken...
Denne bukken hadde Eyda (Kimber) og eg på 60 meter i 15 minutt. Før vi gjorde avtale med han å komma tilbake om eit par veker etter at han hadde bedøkkja nokre koller.....
Foto: Atle Helland

Ettersøk

I dag er det lovpålagt å ha tilgang til godkjent ettersøkshund på jakt samstundes som at kommunane er pålagde å ha ei ordning for ettersøk etter trafikkskadd vilt.

Ein bandhund som samstundes har fått opplæring i å fylgje eit blodspor vil være ein utmerka hund ved eit ettersøk.

Skal ein hund fungere godt på jakt og ettersøk er ein avhengig av å trene jevnlig.

I Kvinnherad samarbeidar elghundklubben med Kvinnherad ettersøkslag og har i denne samanhengen tilgang til terreng der ettersøkslaget har avtale om ettersøk.



Utstilling HEK uskedalen 2013

NM

Norsk Elghundklubbers forbund består av 22 klubbar frå Finnmark til

Østfold og Agder fylka. Årleg vert det arrangert noregsmeisterskap. Anna kvart år band og laus hund. NM

går over to dagar og vert dømt som ein jaktprøve. I tillegg til dommar så vil og ekvipasjen ha med ein kjentmann. Totalt vil det delta ein stad mellom 25 og 30 hundar.

Om lag 30 terreng som er så store at ein kan gå ei prøve på 6-7 timar krev mykje terreng. I denne samanhengen er det ei utfordring å finne høvelege terreng der ein er sikra at det finnes hjort og ein vil være avhengig av velvilje frå grunneigarar i heile kommunen.

Uskedalen vil være hovudsete for tilstellinga og ein har allereie tinga hus og husvære. Bygda ligg sentralt i kommunen og ein vil nå rundt til terrenga på kort tid.

Informasjon

Ein tek sikte på å fylgje opp konkurransen med god dekning av pressa samt at ein vil oppdatere med resultatata etter kvart som dei kjem inn. Her vert det kanskje og ein liten konkurranse mellom bygdene når det gjeld å få ein noregsmeister kåra i akkurat deira

terreng. I tillegg vil det og gje eit veldig godt bilete av hjortebestanden nokre veker før jakta skal starte.

Meir informasjon kan ein finne på desse lenkene:

<http://www.hordaland-elghundklubb.no/ipub/>

<http://elghundforbundet.no/>

<http://elghundforbundet.no/aktiviteter/jaktprover/regelverk/>

<http://www.st-elghundklubb.no/nm-bandhund>

eller ta kontakt med ein av desse:

Atle Helland	90 69 12 91
Vidar Hellås	95 19 47 02
Anita Lie	95 96 31 03
Taisto Erkinharju	91 87 82 85
Tore Storhaug	90 93 94 34

